

Emnenr.12

Fylke: Oppland

Emne: G A M A L E N G K U L T U R.

Herad: V.Slidre.

Oppskr.av G.Kirkevoll.

Bygdelag:Øyebygde.

Jomfrubraatvn.25

Bekkelagshøgda.

Gard:Kirkevoll.

G

Mest etter eigen røynsle.

G.nr.66 og 67 b.nr.
2 og 3

- 1) Ordet eng og tjukk-eng vart vanleg brukt.Men og mykje gras og fôr vart brukt som:"Det er mykje gras her"."Eg vart so blaut i grase". "Her har du eit bra fôrstykkji"."Han har take til paa tjukkengi han Per no". Utslaatten vart kalla skrapslaatt eller haskeslaatt." Dette er ikkje stort haske etter". "Eikre" er truleg gamalt og finst att i namn paa jorder eller løkker som "Haseikra";"Tubbeikerjorde" og i gardnamn som "Eikra" og"Eikerbakke". Kjem vel av aaker som er attlagt til grasmark den tid det maatte gro att taa seg sjølv."Attleggje" var ogso brukt fyrste aaret det var isaatt grasfro.Men um det er so gamalt veit eg ikkje. Det var skilnad paa"tjukkeng-fôr " som ogso vart kalla"Tø-fôr" og det som vaks paa magrare lende.Tø-fôr var det som laag i hevdasege (hevdaseget) eller var godt gjødsla.Høyet fraa naturleg eng heitte"engimannfôr " Stutturv trur eg ikkje har vore brukt i V.Slidre.
- 2) Aa røa burt kvist og smaaskog fraa utmark var det slutt med.Men det heitte "aa køsa-røa".I seinare tid har det vore gjort paa kulturbeiter. Truleg tok dei køsarøinga ved St.Hans so dei kunne laga lauvkjerva med det sama.Og so kom det ikkje so lett"røne" att fraa roti.
- 3) Eg trur ikkje det vart gjort noko med mose i engen.Men engi har og i lange tider vore overgjødsla so det var vel neppe so mykje mose i engen.- Eg har ikkje høyrte um aakrar som vart attlagde fordi dei var utpinte. Det var so mykje innpaakjøring av alle slag utanfraa fôr,so det vart mykje gjødsel.Og den vart mest brukt paa aakeren som held seg oppe paa den maaten um det ikkje var skiftebruk

4) Myr og vassjuk eng.Vatning.

Opne veiter i eng har sikkert vore brukt i lange tider. Til og med paa stølsjorder har det vore opne veiter i lange tider, som eg kjenner til.- Paa Ulve vart det for 75 aar sidan grave ei større veit fraa ein bekk som vart brukt til aa vatne med ei stund framover. Paa stølsjordene var det ofte take smaaveiter fraa mindre bekkedrag og inn paa jordet til vatning. Dei trudde det hevda lite. Vatn fraa kalde oppkomor var ikkje bra. Vatning i samband med gjødsling var ikkje brukt.

Gjødsling.

5) Far brukte alltid og overgjødsle ein del av engi til kvart aar.

Det var serleg paa noko eng som ikkje hadde vore pløgd, so vidt eg kan forstaa. Truleg hadde han det etter sin far. Naar det som oftast blir halde fram at dei i gamal tid ikkje gjødsla engi so trur eg det er eit misstak. Døn tid var det so mykje gjødsel og dei fann snart ut at det lønte seg aa gjødsle engi ogso. Sauetalle eller talle etter sau og geit vart rekna som den beste.- Eit gamalt ord sa: "Ein snødott i mai var god som ei tallebreie". Dette skulde tyde paa at gjødsling paa eng er gamal.- grise-møk maatte berre brukast paa marki. (naar det ikkje var gras so heitte det mark). Gisene fekk ofte den "melden" som vart etter taagjering paa laava og soleis mest berre ufrø. Det kom for ein stor del att i gjødslen.- Baade smaafe og storfe gjekk mykje ute paa garden um vinteren. Likeso det vart ein del rusk og rask etter det foret dei fekk ute. Ut paa vaaren vart dette skrapa saman (gardmøg) og kjørt ut paa marki.

6) Slik eng som vart gjødsla heitte før "tø-eng". Og føret heitte "tø-for". Det var ogso "hevda-før", men det laag i "hevda-sege" fraa fjøset og trengde ikkje gjødsling.

At dette "hevda-seget" fraa fjøset hadde eit visst fortel^{verd} ei liti historie. I Vang, Valdres var det for lenge sidan ein mann som hadde eit jordstykke utanfor fjøset til ein annan.

Han fekk mykje svert fôr av dette hevdaseget. So gjekk den andre like til kongen og skulde klaga. Men korleis han la det fram so forstod ikkje kongen det. Til slutt sa han: "Naar du være ein møkkjakok og eg ein teig, og det rønne fraa deg og ned paa til meg- ko sagt du daa konge?"

Teig var det gamle namnet paa eit engstykke taa ein viss storleik. Slike var ofte slege paa "førsakt" (akort). Og det kunne vere ei mark, ein dalar eller halvdalar i arbeidsløn. So heitte det "marka-teig" og "dalarsteig".

- 8) Paa stølane vart gjødsla kjørt ut um hausten. Men heime for det meste um vaaren, og kjørt ut paa slede eller kjerre. Den vart breid paa vanleg maate med spade eller greip. Men den maatte smuldrast sund. Det kunne ein gjera ved aa kjøre rundt med ein passeleg sloe av bjørk eller barbuskor. Men det var ikkje godt aa faa den heilt sund med det. Mest vanleg var det aa raka saman gjødslen i smaa haugar og slaa den sund med ei møkkjaklubbe som maatte ha ein skarp kant og helst lite ~~XXXXXX~~ i eine enda. Daa slap ein staa so kroat medan ein slo. Naar ho var sundslegen raka ein utover med riva. Ein kunne ogso bruke nakken paa hovudet paa ei sterk rive til aa slaa med.
- 9) For noko lenge sidan var det vanleg aa beite markji baade vaar og haust. Det var helst medan det var berre naturleg eng som tåla beitingi betre enn kunstengi. Beitingi um vaaren trudde dei skulde gjera graset tettar og tjukkar. Men ~~no~~ maatte vera ^{det} godt gjødsla. Vaarbeite gav seinare slaatt. Eg trur dei rekna med gjødslinga naar dyra beite; for det heitte: "Bit dei ein bit so drite dei ein drit". Um hausten var det vanleg aa beite overalt. Dei "slepte paa haa-e".
10. Vaarbeiting vart vel slutt for omlag 40-50 aar sidan. Storfeet vart fora inn til dei ~~XXXXXXXXXX~~ reiste med dei paa stølen.
11. Før var det vanleg aa gaa rundt om vaaren aa slaa sundt møkkjaruvone som laag paa marken. Det var gjerne

smaaguten som fekk det arbeide. ~~XX~~ Til dette var best ei sterk rive. Daa hadde ein baade klubbe aa slaa med aa rive til aa raka utover med. (Nakken paa rivenovudet slo ein med) Dette maatte gjerast med sama snøen var gangen eller etter regn so møke var blaut og lett slaa sund.- Til den breide møki (paa marki) var ei god møkkja-klubbe best. Men det var ikkje noko lett arbeid for klubba maatte vera ganske tung skulde ein faa gjort noko. Ofte maatte ein staa paa kne. Daa maatte ein leggje under ~~AI~~ seg ei fjøl so ein ikkje vart vaat.

12. I utslaattor som ofte vart kalla heimstøla var det sumar-fjøs. Desse vart nytta vaar og haust, før og etter ein reiste paa stølen. Det var for at krøtere skulde sleppe aa gaa den lange vegen fraa og til garden. Gjødsla vart brukt paa utslaatten, men og ofte kjørt ned paa garden, der ho kom meir til nytte. -Desse sumarfjøse vart lagt ned for 50 aar sidan eller meir.

13. I Slidre hadde dei alle fleste fjøs paa stølane til storfeet. I Vang hadde dei for ei tid sidan ikkje fjøs paa langstølane. Ei stund før mi tid var det vanleg i Slidre at paa kvar gard maatte dei ha med seg sauene og passe dei i havna. Um natte hadde dei sauene inn paa noko "kvene" som var oppgjerd av vanleg skigard. Desse "kve-stadane" vart godt oppgjødsla av sauene. Og ved aa fløta desse kven^{ga}adn til kvar vaar so vart ~~AAK~~ jorde godt oppgjødsla.

14. Daa det vart slutt med udyri (vel 100 aar sidan) gjekk saukenene av bruk. Sauene kom til aa ^{ga}tritt i fjellet heile sumaren. Det er soleis lite aa faa greie paa om dette. Mor og far viste berre det eg har fortalt.

15. Det vart sikkert gjort noko for aa halde udyri vekk. Mest var det brukt aa gjera opp varme, anna har eg ikkje høyr^t um.

16. Kjenner ikkje til.

17. Ukjent. 18) Ukjent.

19. Enno heitter det træ-e eit engstykke utanfor uthusene paa dei fleste gardar.

Soleis heitte det at naar paa Øvre Semleng tok til aa slaa i "træ-e", so vart det støtt regn. Paa stølanelframanfor sél og fjøs kallast det endaa "trøn" (ut i trøn). Namnet "Kven" tek til aa gaa av bruk meir. Baade "Trøn" og "Kveno" er gardsnamn.

20. Det har i lange tider vore inngjerd slaattemark paa stølanel. Det heitter stølsjorde. Stølsslaaten gaar attende. Folk har ikkje tid. Og eg trur det vantar paa viljen og. Eg har sjølv ein støl i heimbygdi. Det er eit godt jorde med bra høy. Men det ser ut som ingen vil slaa det lenger um dei faar det gratis. Sjølv har eg personleg maatt gjerde og halde skigarden istand.

Stølsjorde vart gjødsla med den som fall etter dyra um sumaren. Den vart kjørt ut med slede med sama ein fløtte heim. Um vaaren vart gjødslen slegen sund med klubbe og jamna utover. Det var mitt arbeid om vaarane paa vaare stølar.

Torvleggje stølsjorde.

Paa stølsjordene var det ofte tunn og daarleg torve som ikkje kunne bera stort høy. Dette kunne ein i god mun bote paa ved aa ta opp grastorv utanfor gjerde og leggje opp paa grasbakken (ei flo) paa jorde. Daa vart det tjukkar matjordlag. Det var mykje arbeid. Men truleg lonte det seg. Eg har ikkje set det har vore brukt, men far fortalde at det hadde vore ~~gjort~~ gjort fleire stader.

21. Oske vart rekna for god gjødsel og vart brukt paa stølsjordene. Heime brukte me den paa potetene.

